

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3 · 2024
95. årgang



God jol!

Redaksjon

post@seljordkyrkje.no
Bankgiro: 2711.20.31826
VIPPS: #650484

Stab

Sokneprest: Dag Harald Undheim
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Petter Jakobsen

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Diakon: Ingunn Liseter

976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kantor: Kjetil Bergheim

918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943

Einar Heggveit

958 75 756

Sokneråd

Leiar: Bergit L. Telnes
906 91 674 | telnesbergit@gmail.com

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

Den store håpsforteljinga

«Det hende i dei dagar,» slik byrjar juleevangeliet. Noko stort hende i vår historie som fekk konsekvensar for heile verda. Då Jesus vart fødd, vart Gud eit menneske. Forteljinga om Josef, Maria og det vesle Jesusbarnet er noko av det vakraste som nokon gong er blitt skrive. Jula viser at vi betyr noko for Gud. Vi er ikkje gløymde, men elska av Gud.

Dei gamle grekarane snakka om krafta bakfrå. Med det meinte dei at dei gode hendingane i fortida gir oss kraft til å leve i dag. Vissheita om ikkje å vere gløymd, men elska av vår skapar, har bore menneske i både gode og tunge tider. Underet på Betlehemsmarkene har gitt kraft til menneske i 2000 år.

Men grekarane snakka ikkje berre om krafta bakfrå, men også om krafta forfrå. Med forfrå tenkte dei på kva som ein gong skal skje. Kva vi trur om framtida påverkar livet vårt her og no.

Juleevangeliet handlar ikkje berre om kva som ein gong hende i vår historie. Det inngår i den store forteljinga om kva som ein gong skal skje med oss og vår verd. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar, han er Den salva, Herren», song englane. Mot slutten av sitt liv på jorda hende det noko dramatisk i Jesu liv. Ikkje berre vart Gud menneske, han gav også sitt liv på ein kross. Lovsongen og gleda frå Betlehemsmarkene vart bytt med klage, sorg og død. Det er for å gi mitt liv for dykk, eg er komen, sa Jesus.

Men heller ikkje Jesu død er siste ordet i kva som skal skje med oss og denne verda. Jesu oppstode frå dei døde endra vår framtid. Disippelen Peter skriv til venene sine for å oppmuntre dei: «Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)»

Desse orda blir lesne ved kvar dåp i kyrkja og når vi tek farvel med eit kjært menneske. Han som vart fødd som eit lite forsvarslaut barn, viste seg å vere sterkare enn dødens og mørkets makt. Gud skal ein gong skape ei ny verd der det er slutt på all vondskap og lidning. Vi vedkjenner at vi trur på «lekamens oppstode og det evige liv». Det er ikkje døden og mørkret som sigrar til sist.

Vi lever i mørkare tider enn på lang tid. Svein Ellingsen skildrar oppstoda som

«lyset frå Guds framtid». Med lyset frå Betlehemsmarka og lyset frå Guds framtid får vi hjelp til å leve her og no. Også når livet er krevjande. For det er berre med krafta bakfrå og forfrå at livet kan levast i notida.

Velsigna advents- og juletid!

Stein Reinertsen

Biskop i Agder og Telemark bispedømme



Flatdal Handlaft as
Telemark

www.flatdalhandlaft.no



3841 Flatdal

Tlf 350 57005 Mob 971 53661



Haustattakkefest og utdeling av 4-årsbok

6. oktober var det haustattakkefest og utdeling av 4-årsbok i Flatdal kyrkje.

Tusen takk til Signe Kvåle Rue som hadde pynta kyrkja så fint!



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.
Kjøp billetter på www.granvinkulturhus.no på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no



Siste nytt frå

Ønsket&Elsket har fått ein ny dagleg leiar etter Emil Mathisen. Nå er det Berthe Tysvær Heggli som skal drive ungdomsarbeidet Ønsket&Elsket vidare.

Konfirmantåret byrja med eit stort oppmøte i Husdyrhallen, på konf.Kick off. Videre blir det ledersamlinger med ungdomslederne fram til neste store happening – fasteaksjonen i april.



Ei trygg hamn

UKRAINA: På flyktningssenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen braut ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.

Då russarane kom

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar small opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadene vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og barna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og barna torde ikkje gå ut. Ei bømte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellom nokre grønnsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdeleg. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levere drikkevatt til familien nokre gonger i veka.

Tryggleiken

Ukrainske styrkar klarte til slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.



NN: I kjellaren i kyrkja Love of Christ, som også er ein bombesikker stad, blir lunsjen tillaga på kjøkenet som er bygt av Kirkens Nødhjelp.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426

Send GAVE på SMS til 2426 og gje 300 kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248

– For første gong på veldig lenge søv vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktningane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein psykolog i dag tidleg, og jobbar no med å skaffa seg nødvendige papir, slik at dei kan få sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

– Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina.

Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnst den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verd med fattigdom, forfølgning og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nøda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn fortvilinga og større enn "her og no". Kirkens Nødhjelp samarbeider med kyrkjer og religiøse samarbeidspartnarar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid - trua på eit håp, og at alle menneske er like mykje verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot nød og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjemper for rettferd - kvar dag.



NN: Takhmina og borna blei låste inne i kjellaren medan dei russiske okkupantane tok over huset. I ni månedar så dei (nesten) ikkje dagsljøs. No kan ho og Miran gå ut i bakgården til kyrkja og få ljøs og tryggleik.

Mi salme

Jeg vil ta fram salme nr. 584: «Det strøymmer ei livselv av lukke, av glede fordi eg er til» av Trygve Bjerkreim -1957. Melodien er laget av Ragnar Ørstavik.

Salmen handler om livsmot og håp, og om at vi er skapt i Guds bilde. Livet har ikkje bare gode dager, men det gode ligger i at Gud har skapt meg og satt sitt fingeravtrykk i meg.

«Eg lever og evig skal leva, ved han som leid døden for meg. Men sprengde dei gravlekkjer svære, og opna til livslandet veg». Dette er en tekst som beskriver det jeg bygger troen min på. Jesus er vegen til Gud.

Jeg ble glad i denne salmen som ungdom på Solborg folkehøgskole. Den har gitt meg oppmuntring og styrke mang en gang.

En annen fin salme av Bjerkreim er «Det er makt i de foldede hender». Den skrev han etter en tale der det ble sagt: «De foldede hender er verdens sterkeste hærsmakt». La oss bruke denne muligheten!

Trygve Bjerkreim er født på Bjerkreim på Jæren i 1904, og levde til 2001. Han jobbet i mange år på Fjellhaug skoler i Oslo, og siden som redaktør av «Utsyn».

Han har en gang sagt at han ikke har skrevet noe uten at det har «banket på». Det må ha banket mye på, for han har skrevet 15000 dikt og salmer.

Jeg sender stafettspinnen vidare til Gudveig Gravir.

Hilsen Marit Løvseth Nilsen



*Det strøymmer ei livselv av lukke,
Av glede fordi eg er til
Guds bilete fekk eg til gåve,
Og aldri han gløyma meg vil
Eg lever og evig skal leva,
Ved han som leid døden for meg,
Men sprengde dei gravlekkjer svære,
og opna til livslandet veg*

*Ja, Kristus er kjelda den klåre,
Eit havdjup av fryd og av fred
Vel blenkjer det stundom ei tåre,
men livsvona atter meg gled.
Snart gryr det ein æveleg morgon,
og då skal eg verta han lik.
Det strøymmer ei livselv av lukke,
min Gud, eg er endelaus rik!*

Advent på Nes bedehus



Tradisjonen tru skal det også i år vere adventsmesse på Nes bedehus på Garvikstrondi i Seljord. Messa blir på 3. sundag i advent – sundag 15. desember kl 11.00.

Etter messa skal det vere servering og sosialt samvær kring borda, og i løpet av dette samværet vil det bli eit aldri så lite

folkemusikalsk program, der mellom anna slåttan Jol i Trollebotn vil bli framført. Ragnar Haugstøl og Kjetil Bergheim vil ha ansvaret for dette programmet.

Bileta syner Nes bedehus i vinterbunad, og glimt frå messa i 2023.



Jol i kyrkja 2024



Advent og jol er kyrkjetid. Me vil ønskje deg velkomen til desse samlingane kyrkjene våre:

- 01. desember kl 11.00: Ljosmesse i Flatdal kyrkje
- 01. desember kl 17.00: Ljosmesse i Åmotsdal kyrkje
- 08. desember kl 18.00: Ljosmesse i Seljord kyrkje
- 15. desember kl 11.00: Adventsmesse på Nes bedehus
- 24. desember kl 13.00: Jolegudsteneste i Åmotsdal kyrkje
- 24. desember kl 15.00: Jolegudsteneste i Flatdal kyrkje
- 24. desember kl 15.00: Jolegudsteneste i Seljord kyrkje
- 24. desember kl 16.00: Jolegudsteneste i Seljord kyrkje
- 25. desember kl 11.00: Høgtidsmesse i Seljord kyrkje
- 28. desember kl 17.00: Jolegudsteneste i Åmotsdal kyrkje
- 31. desember kl 16.00: Messe når året vender

På ljossessene i Flatdal og Åmotsdal vil det vere utdeling av jolehelsing til 5 og 6 åringar. Konfirmantane deltek på alle dei tre ljossessene i desember.

Velkomen til kyrkje advent og jol 2024.

Seljord sokn
Brøløvsvegen 48
3840 SELJORD

Kyrkjelydsbladet Helg og Høgtid for Seljord, Flatdal og Åmotsdal er avhengig av stønad for å dekke utgifter til trykking og produksjon av bladet.

De kan betale inn til kontonummeret på denne giroen (2711 20 31826), eller på Vipps til: #650484 Seljord sokn.

Vi er takksame for alle gaver!

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering

Betalingsfrist

Betalt av

Betalt til

GIRO F60-1 NFI 12.09

Helg og Høgtid
Brøløvsvegen 48
3840 SELJORD

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Blankettnummer

Kroner

Øre

Til konto

< >

2711 20 31826

H

Høgtidsmesse joledag i Seljord kyrkje

Dei senste åra har det vore høgtidsmesse i Seljord kyrkje joledag kl 12.00. Frå og med i år forlet me denne tradisjonen, og går attende til den vanlege messetida – med andre ord blir det høgtidsmesse i Seljord kyrkje joledag kl 11.00.



Slekters gang

Døypte

Seljord
Oskar Sogn
Ava Sofia Tabarroky Undheim

Flatdal

Ingvild Abrahamsen Kleiv

Døde

Seljord:
Tormod Tveitan

Flatdal:

Hege Kvalheim

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Olaug Irene Øverbø si gravferd

Helsing Nesbukti pleie- og omsorgsenter

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Hans Nordstoga si gravferd

Helsing Heddelitunet

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Anne H. Svartdal si gravferd

Helsing Nesbukti pleie- og omsorgsenter

Treng du

- Nokon å snakka med?
- Ein lyttar?
- Forbøn?

Livet går ikkje alltid på skinner. Iblant strevar vi. Det kan vera hendingar i livet som er vanskeleg å takle og finna ut av eller du lurar på noko? Medarbeidar i kyrkja har erfaring og kompetanse til å møta menneskje med ulike behov og livssituasjonar.

Tilbodet er gratis og vi har teieplikt.

Sokneprest

Dag Harald Undheim

Tlf: 907 78 921

E-post: dag.harald@seljordkyrkje.no

Diakon

Ingunn Liseter Tlf: 976 82 694 E-post:

ingunn@seljordkyrkje.no

ALLTID OPEN KIRKENS SOS

TLF. 22 40 00 40 soschat.no

kirkens-sos.no.

Nye ljøs på Flatdal kyrkje

Råtne stolpar og defekte ljøskastarar førte til at Flatdal kyrkje var mørklagt delar av hausten. Ved månadsskiftet oktober/november kom nye ljøskastarar på plass, og kyrkja er no opplyst på ny.



Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no



Når du trenger elektriker



Føre- middagstreff

Misjonshuset i Seljord

31. januar, 28. februar,
28. mars, 25. april

Formiddagstreff på Sion og på Stein-
moen vil bli annonsera på nyåret.

Formiddagsmat og kake, åresalg,
andakt og song skapar fellesskap.

Velkomen er du!

Treng du skyss, ta kontakt:
Diakon/trusopplærar Ingunn Liseter,
Mobil: 976 82 694
E-post: ingunn@seljordkyrkje.no



Middag for familiar med born i barnehage
og småskulen. Aktivitetar, leik, song og
forteljing frå bibelen. Kl. 16.30 – 18.00

Tysdag 14. januar
Tysdag 11. februar
Karnevalsgudsteneste 2. mars kl.11.00
Tysdag 11. mars

VELKOMEN ER DU - LITEN OG STOR!



Gode hjelper med middagen på
Tysdagsklubben! Tusen takk!

Velkomen til Tysdagsklubben
og godt fellesskap og god mat!

BYGGMESTER T.A. GUSTAVSEN AS



TLF. 975 17 817
byggmester@live.no



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 ALT I BAKERVERER

Gravsteiner Notodden
Det skal lønne seg å handle lokalt

Bstlandets
største
utstilling
og beste priser

150 steiner
i utstilling
1-4 ukers
leveringstid

Steinverksted på Notodden

www.notoddenbegravelse.no
Ingar Faane
350 12 155

Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



Morgedal Rør as

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord

KLÆR **T. TVEITAN** 1/3 INTERIØR-
TEKSTIL

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

Babysong og småbarnstrall



Velkommen til Seljord frivilligsentral!

Kl. 11.00 – 13.00

ONSDAG 15.JANUAR

ONSDAG 12.FEBRUAR

ONSDAG 12.MARS

ONSDAG 2.APRIL

ONSDAG 7.MAI

Babysong og småbarnstrall er for barn 0-5 år

Bli kjent med andre med små born og lær bornesongar, songleikar og regler

Gratis lunsj

Alle er velkomne :)

Tilbodet er gratis og ope for alle uavhengig av tru eller livssyn



Kontakt:

Ingunn Liseter

tlf. 976 82 694

ingunn@seljordkyrkje.no



De hyrder stirrer i natten ut

Tekst: MB Landstad



1. De hyrder stirrer i natten ut
og lenges til dagens komme;
de beder en bønn til den høyeste Gud,
at natten må være omme.
De tider, de skrider så langsomt hen
for alle ventende fromme.

2. Men lyset strålte og englene sang
så deilig et «Ære være!».
Og hyrdene styrte til krybben sin gang
og ville sitt offer bære.
Hver juleaften jeg ønsker til Gud
jeg måtte iblant dem være.

3. Hver juleaften når klokker mon gå,
og lyden den bær over heie,
da kaller vår Herre ad sine små
på deres sorgfulle veie;
den julegave han verden har sendt,
den vil han at alle skal eie.

4. Hver juleaften jeg tenner mitt lys,
da samles vi, gamle og unge.
Så hjelpes vi ad Guds ære og pris
med hjertens glede å sjunge.
Det er den kjæreste stund jeg vet
blant årets triste og tunge.

5. Så kommer du inn og bøyer deg ned
inn under de lave døre.
Der blir det så stor en glede og fred,
visst kan du det ennå gjøre!
Så svøpes du inn i krybberom,
i hjerter som vil deg høre.

6. Å, vær da velkommen, Jesus kjær!
Om deg så vil vi nå kvede.
Velkommen, Guds trøst, å, vær oss nær!
Velkommen, vår julegleder!
Velkommen med din velsignede fred
for gammel og ung her nede!

Gudsteneste med skriftemål og nattverd i Seljord kyrkje

Veit du at kyrkja vår har ein eigen liturgi for gudsteneste med skriftemål? Dette er sjølv sagt ikkje ein gudsteneste der kvar einskild kommer med sine private skriftemål medan andre høyrer på. Til skilnad frå det private skriftemålet – det som blir gjennomført undr fire auge – gjer ein skriftemåls-gudsteneste seg bruk av det som gjermei vert kalla eit alminneleg skriftemål.

Korleis går så dette føre seg?

Det heile skjer i ein enkel og kort gudsteneste.

Sjølve skriftemålet går føre seg slik: Liturgen les ein omfattande syndevedkjening – deretter er det kort stille for den einskilde si personlege vedkjening i hjarta – etter dette les alle høgt ein felles syndevedkjening – formulert på førehand i kyrkja si altarbok.

På bakgrunn av syndevedkjening kan dei som ønskjer det så kome fram til altaret og knele. Liturgen legg så handa på hovudet til den einskilde, og les syndeforlatinga, også kalla absolusjonen.

Gudstenesta held etter dette fram med nattverd, og vert avslutta med Herrens bøn, salme og velsigninga.

Mange vert engstelege når dei høyrer ordet skriftemål. Til dette kan seiast at denne forma for skriftemål er i utgangspunktet ufarleg – ingen skal brette ut sitt indre for open scene.

Absolusjonen – den personlege handspålegginga og tilsegn om tilgjeving – er ei mykje konkret og god hjelp til å tru syndetilgjevinga.

Martin Luther seier det slik, i si vesle katekisme:

«Skriftemålet fell i to. Fyrst sannar vi syndene våre, og så tek vi imot syndsforlating. Vi tek imot som frå Gud sjølv, og trur fullt og fast at syndene våre då er tilgjevne hjå Gud i himmelen.»

Gudsteneste med skriftemål og nattverd skal haldast i Seljord kyrkje – onsdag 5. mars kl 19.00. Denne dagen kallar me oskeonsdag, og han innleier fastetida i kyrkja vår.

Draumkvede i Seljord kyrkje



Draumkvede skal framførast i Seljord kyrkje – 12. februar 2025.

Det er kvedaren Kim Rysstad frå Setesdal som vil stå for framføringa. 12. februar er dato for feiring av Taraldsmesse i Seljord. Å kople Draumkvede til Taraldsmesse er ein god kombinasjon.

Arrangementet vil bli gjennomført som konsert med inngangspengar. Kim Rysstad

har sagt at han vil leggje på ein del andre songar og salmar, slik at det vil bli ein litt lengre konsert enn berre Draumkvede.

Det vil bli ein enkel markering av Taraldsmesse i samband med konserten. Meir info kjem i lokalavisa og på kyrkja sine nettsider.

Alle er velkomne.

Pilegrimsvandring på Skarsvegen og Landstadseminar

Sundag 22. juni skal det vere pilegrimsvandring på Skarsvegen. Me skal gå i fotefara til Magnus Brostrup Landstad – frå Svartdal og over til Åmotsdal.

Vandringa skal vere del av eit Landstadseminar som skal haldast i soknet 21. – 22. juni. Seminaret vil mellom anna ha ein midtsommarkonsert i Flatdal

kyrkje laurdag 21. juni, der domkantor Kåre Nordstoga vil opptre.

Seminaret vil bli avslutta med messe i Åmotsdal kyrkje søndag 22. juni kl 17.00.

Meir info kjem i neste nummeret av Helg & Høgtid, samt på kyrkja sine nettsider.



Gudstenester

1.s.i adventstida – 01. des

Flatdal kyrkje kl 11.00
Åmotsdal kyrkje kl 17.00
Ljosmesse både stader
Utdeling helsing til 5-6 åringar Offer:
Trusopplæringa

2.s.i adventstida – 08. des

Seljord kyrkje kl 18,00
Ljosmesse
Utdeling helsing til 5-6 åringar Offer:
Ungdomsarbeidet

3.s.i adventstida – 15. des

Nes bedehus kl 11.00
Adventsmesse
Offer: Nes bedehus

4.s.i adventstida – 22. des

Nutheim kapell kl 19.00
Nattverdmesse
Offer: Ungdomsarbeidet

Joleftan – 24. des

Åmotsdal kyrkje kl 13,00
Flatdal kyrkje kl 15.00
Seljord kyrkje kl 15.00
Seljord kyrkje kl 16.00
Offer: Kirkens Nødhjelp

1. joledag – 25. des

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

4. joledag – 28. des

Åmotsdal kyrkje kl 17.00
Fest på Grendehuset etter messa
Offer: Kyrkjelydsarbeidet og Betel
pinsemenighet

Nyårseftan – 31. des

Seljord kyrkje kl 16.00
Messe når året vender
Offer: Kirkens SOS i Telemark

2.s.i. openberring – 12. jan

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3.s.i. openberring – 19. jan

Åmotsdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

5.s.i openberring – 02. febr

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Seljord Misjonshus

6.s.i openberring – 09. febr

Flatdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Taraldsmesse – 12. febr

Seljord kyrkje kl 18,00
Kort messe – deretter konsert:
Draumkvvede ved Kim Rysstad

Såmannssundag – 16. febr

Åmotsdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Bibelselskapet

Fastelavnssundag – 02. mars

Seljord Misjonshus kl 11.00
Familiemesse
Offer: Tysdagsklubben

Oskeonsdag – 05. mars

Seljord kyrkje kl 19.00
Nattverdmesse med skriftemål
Offer: Kirkens nødhjelp

1.s.i. fastetida – 09. mars

Flatdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kirkens nødhjelp

2.s.i. fastetida – 16. mars

Åmotsdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kirkens nødhjelp

3.s.i. fastetida – 30. mars

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Palmesundag – 13. april

Flatdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

Skjertorsdag – 17. april

Åmotsdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kirkens SOS Telemark
Skjertorsdag – 17. april
Nutheim kl 19.00
Nattverdmesse
Offer: Ungdomsarbeidet

Langfredag – 18. april

Seljord kyrkje kl 11.00
Pasjonsmesse
Offer: Kirkens SOS Telemark

Påskedag – 20. april

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

Påskedag – 20. april

Svardal kapell kl 15.00
Påskedagsmesse
Offer: Kirkens SOS Telemark

3.s. i påsketida – 04. mai

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kvitsund gymnas

4.s. i påsketida – 11. mai

Flatdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kvitsund gymnas

Grunnlovsdagen – 17. mai

Seljord utandørs kl 10.30
Flatdal kyrkje kl 12.00
Åmotsdal kyrkje kl 14.30
Offer: Barnearbeidet

Sundag før pinse – 01. juni

Flatdal kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Pinsedag – 08. juni

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgtidsmesse
Offer: Misjonsprosjekt NMS

2.s.i treeiningstida – 22. juni

Åmotsdal kyrkje kl 17.00
Folkemusikkmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3.s.i treeiningstida – 29. juni

Seljord kyrkje kl 11.00
Høgmesse
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Endringar kan koma

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Manndal kapell

